

7. Soknerådsmøte 2016 18. august – Referat

Mat: Torill

AU – Arbeidsutvalet for soknerådet. Møter kvar måned ca 1 veke før soknerådsmøtet. Tar unna saker av meir forretningsmessig karakter.

SR – Soknerådet

FR – Klepp kyrkjelege fellesråd

NaMu - Naturlig menighetsutvikling

Sokneråd FOK	Tilstade:	Merknader / Vararepresentant:	Ansvarsområde
Jon Lende	X	Leiar av soknerådet	Representant til fellesrådet
Helen Hetland Mori	X	Nestleiar soknerådet	
Karl Inge Lygre	X		Representant til Stiftelsen . 2. vara til fellesrådet
Torill Brådland	X		Oppfølging av barnearbeidet
Bjørg Mikalsen	X		Oppfølging av ungdomsarbeidet. Representant til fellesrådet
Bjørg Nese	X		1. vara til fellesrådet
Sigbjørn Sørland	X	1. vara møter fast	Representant til Livspust – diakonigruppa.
Stab FOK			
Morgan Fjelde	X	Sokneprest	
Ingunn Matre	X	Dagleg leiar	

	Delerunde og bønn
Sak : 44-16	Godkjenning av innkalling . Innkalling godkjent med tillegg - NAMU orienteringssak.
Sak: 45-16	<p>Godkjenning av referat frå møte 14. juni 2016. Referat godkjent med mindre justeringar. Ynskjeleg at endringar som har blitt innarbeida etter kommentarer på mail vert endringsmerka.</p> <p>Orienteringssaker :</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering frå stab. God oppstart med stabsmøte dag sist onsdag for heile staben. Bønn og planlegging for hausten innanfor dei ulike områda. Trusopplæringsforum denne veka på Solborg der Martha og Ingunn har vore med. Morgan har hatt ein travel oppstart på hausten med tenestevoker og førebuing/ gjennomføring av fleire oppstartsamlingar. I ungdomsarbeidet er det fokus på å komma i gang med alt som skal på plass til 70 konfirmantar og oppstart for FOKUS. Nytt teknisk utstyr i kyrkja på plass. - Lysmiks og prosjektor 2. Givartenesta for juni og juli : Givartenesta for juni 120.300 og juli kr 127.900 3. Spørsmål / avklaringer om AU-saker 4. Namu – ny avtale med veileidar Ommund Rolfsen er signert . Treng eit møte i arbeidsgruppa for Namu før 15. november. Då skal det være eit møte med han. 5. Framdrift på gravplass. Arbeidar vidare politisk for å halda framgang i saka.
Sak : 46 -16.	<p>Sak om gratis utlån av lokale i kyrkja til stab</p> <p>Sak belyst i referat frå AU i juni. SR ynskja at denne skulle behandlast i soknerådet.</p> <p>SR ser dette at dette frå ei arbeidsgjevarside kan være ein av fleire måtar å visa at ein set stor pris på staben sin innsats og ynskjer å finne gode ordningar når det ikkje er så mykje å spela på lønsmessig.</p> <p>Samstundes er det ein kompliserande faktor at det er det å leiga ut bygget gjev inntekter til stiftelsen og det er ikkje ynskjeleg å gjera oppgåva til Stiftelsen med å få leigeinntekter vanskelegare.</p> <p>Det er også svært mange frivillige som legg ned ein stor innsats i kyrkja som ein også gjerne skulle ha verdsett på denne måten, men i denne omgangen er det vanskeleg å sjå kor ein skulle setja skilje for kven som då kan låna gratis og ikkje. Det er enighet i soknerådet om at det uansett er ei</p>

	<p>tydeleg grense mellom å være fast ansatt og i frivillig teneste når det gjeld personalrettigheter/goder.</p> <p>Vedtak :</p> <p>Ein ynskjer å legge til rette for at staben i Frøyland og Orstad kyrkje kan låna lokale gratis når det elles ville stått ubrukt. Dersom ein reserverer lokale tidlegare enn 4 veker før arrangementet så er det eit forslag om 50 % rabatt.</p> <p>SR vil gjerne at desse reglane vert tekne opp med Stiftelsen sidan dei har delegert ansvar for utleiga av bygget.</p>
<p>Sak: 47 -16</p>	<p>Arbeid vidare med stillingar og tilsetjingar</p> <p>Viser til forarbeid i vedlagt AU-referat frå august.</p> <p>1) Vurdere utlysing av musikalsk leiar . Vurdere alternativa . Lyse ut 30 % fast, lyse ut 50 % fast, arbeide for å få jevna ut ulikhet der Bore har 80 % stilling og FOK 30 % . Engasjementet til Ruben Omdal i 30 % stilling som musikalsk leiar går i denne omgangen ut året med mogelighet for forlengelse. Det må leggjast ein plan for kva vi gjer frå nyttår av.</p> <p>Vedtak :</p> <p>Soknerådet si innstilling er at det i første omgang vert teke opp som sak i fellesråd om det kan verta ein omfordeling av noko av 80 % stilling som til no har vore i Bore. Denne saka skal opp ADU i Klepp fellesråd i slutten av august og deretter i Fellesrådet i september</p> <p>2) Vurdere oppretting av ny stilling – 40 % trusopplærer til å gjennomføra GODT SKODD planen. Nå som arbeidet går over i ein meir utførande fase etter godkjent plan trengs det meir ressursar til gjennomføring. Til no har gjennomføring av tiltaka vore spredt på prest, dagleg leiar , barne pastor og ungdomspastor. Vi vil framleis ha ei fordeling av oppgåvene, men det er eit ynskje frå dagleg leiar å ikkje ha ein så stor utøvande del i dette framover (ca 20 % pr nå) . Stillinga som barnepastor er kun 50 % , og trusopplæringstiltaka tek no 10-15 % av dette og tar opp tid som kunne vore brukt f.eks på meir leiaroppfølging . Vi ser arbeid med trusopplæringstiltak som eit viktig utadretta arbeid der foreldre vert inviterte med og får fleire møter med kyrkja.</p> <p>Vedtak :</p> <p>Soknerådet ser at sjølv halde opp mot andre viktige området (som arbeid for unge vaksne 18-25) er det framleis vurdert som svært høg prioritet å styrka trusopplæringsarbeidet.</p>

	<p>Vedtek å arbeida vidare med oppretting av denne stillinga, og gjera tiltak for å auka gjevartenesta med rundt 200.000 for å dekkja inn dette for det neste året. Målsetnad er å få ansatt ein «GODT SKODD « medarbeidar i om lag 40 % stilling.</p> <p>3) Mogelegheit for 20 % barne og ungdomsarbeider hausten 2016. Sindre Åtland skal gå bibelskule på INTRO og er interessert i eit engasjement ca 20 % hos oss. Hovudsakleg arbeid med gjennomføring FOKUS, konfirmantarbeid og andre trusopplæringstiltak.</p> <p>Vedtak : Soknerådet gler seg stort over at Sindre ynskjer å gå inn i dette. Dagleg leiar fylgjer opp med oppgåve-beskrivelse og tilbod til han.</p>
Sak: 48- 16	<p>Arbeid med mål for 2016 /2017</p> <p>Sjå forarbeid frå AU-møtet.</p> <p>Siktemål for dette møtet er å etablere ei god felles forståing av intensjonen med arbeidet og verktøy som me ynskjer å bruka.</p> <p>Arbeidet går deretter å sette opp konkrete mål for ulike tidsrom , 6 år frå, 3 år fram , 1 år og 90 dagar sykluser. Dei langsiktige måla vert formulerte med grunnlag i visjon og verdiar, og de kortsiktige er delmål for å nå måla på lengre sikt.</p> <p>Vedtak :</p> <p>Dette arbeidet krev eit eige arbeidsmøte. Heile soknerådet møtest 30. august kl 19:00 for å arbeida vidare med dette.</p>
Sak: 49- 16	<p>Offerliste for hausten 2016</p> <p>Karl Inge Lygre har sett opp forslag til liste etter dei samme rammene vi brukte i vår.</p> <p>Forslag til vedtak :</p> <p>Lista verdt vedteken med eventuelt mindre justeringer . Morgan ynskjer å ha NLM søndag 21. august då vi skal ha forbøn for Espen og Tonje Marie Kirkeby som reiser ut som misjonærar.</p>
Sak 50-16	<p>Sak om bruk av kyrkjeklokker i tilknytning til gudstenesta</p>

	<p>Ved eit par anledningar har ringing med kyrkjeklokkene av ulike årsaker ikkje vorte gjort kl 10.00 eller 3 x 3 ved avslutning. Vi har fått ein tilbakemelding på dette og det er ynskja at vi tek opp saka i soknerådet for å ha ein felles forståelse og praksis.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Vi fortset praksis med å ringja kl 10.00.</p>
Sak 51-16	<p>Verdidokumentet « Vårt valg»</p> <p>Det er kome til nokre fleire justeringar enn venta sidan sist soknerådsmøte, så soknerådet vert bedne om lesa gjennom ein gong til for kommentarer.</p> <p>Vedtak :</p> <p>Utvalet tek eit nytt møte for å innarbeide kommentarer og saka vert deretter tatt oppatt på møte 20.. september</p>
Sak 52-16	<p>Arbeid med ny logo for FOK</p> <p>I denne saka vil vi berre belysa behovet, og koma fram til neste steg om korleis prosessen vidare kan foregå.</p> <p>Morgan orienterer i møtet, ingen vedlegg til saka.</p> <p>Sterkt ønske om å begynne en ny prosess rundt logo-arbeid. Vanskelig reint grafisk å få den til å passe inn på dei fleste trykksaker. Den er litt «word-art» prega. Fargen er også komplisert å få til å passa inn. Det er ynskjelig med ein logo som kommuniserer litt tydelegare kven vi er.</p> <p>Vedtak :</p> <p>Soknerådet stiller seg bak at prosessen kan fortsetja. Viktig at ressursar med profesjonell kunnskap innan området vert tekne inn i arbeidet. Ruben Omdal har dette som eit av fagfelte sine i sitt arbeid i Fabel Media og kan bistå i prosessen innanfor den tidsramma han er ansatt i FOK. (30 % stilling som musikalsk / kreativ leiar fom september)</p>